

## **Vedlegg 3**

### **Oversikt over disponible fondsmidlar**

Inngående balanse per 1.1.16 på tilgjengelege disposisjonsfond er på 484,3 mill. kr. Denne summen inneholder flere fond som er knyttet til resultatoverføringsordninger som skal nyttast i påfølgende år. Mellom anna var det sett av 69,1 mill. kr knyttet til vedlikehaldsmidler på fylkesvegane. Dette er grunna forskyvingar i framdrift og midlane er brukt i 2016. Døme på andre fond er resultatoverføring på skulane og tannhelsa. Til sammen utgjør desse fonda om lag 110 mill. kr per 1.1.16.

Vidare er det nokså mange fond som fylkestinget har vedteke skal nyttast til spesielle føremål. Døme på dette er «Skadefondet» for fylkesvegane (24,2 mill. kr) og «Premieavviksfond» (12,4 mill. kr). Slike fondsavsettingar kan fritt omdisponerast dersom fylkestinget ønsker å nytte midlane til andre føremål.

Av disponible fondsmidlar har fylkeskommunen bufferfondet, omstillingsfondet, «fond avsett til Vestlandsregion» og kapitalfondet. Kapitalfondet kan berre nyttast til investeringsføremål.

Disponible beløp på desse fonda er føresett slik ved utgangen av 2016:

- Bufferfondet – 320,3 mill. kr
- Omstillingsfondet – 47 mill. kr
- «Fond avsett til vestlandsregion» - 282 mill. kr
- Kapitalfondet – 11 mill. kr.